



Velledalen – der folk trivst, er alt muleg

Som mange veit har Velledalen grendahus ein hjartestartar. I den samanheng arrangerer vi kurs laurdag 18.september kl.10.00 - 14.00 i kjellarsalen på grendahuset. Oppmodar dei som har gått kurs før om å friske opp kunnskapane sine, og nye om å tilleigne seg denne kunnskapen. Kurset er gratis. Vi har 15 plassar, og ber om at dei som kan tenke seg dette melder frå til Kristin Grebstad (91522451 eller krigreb@xi.no) før 10. september.

Velledalen symjehall opnar 13.september. Symjehallen vil ha ope måndag 18.00-20.00, onsdag 18.00- 20.00 , laurdag babybading 13.00 – 14.00, familiebadning 14.00-18.00. Nytt for sesongen er at det vert familiebadning på søndag kl.15.00 – 18.00.

Det er mulig å leige symjehallen for privatpersonar , lag og bedrifter. Ta kontakt med Lars I. Sæther for dette.

Siste sesongane har det vore dårleg økonomi i symjehallen, og dette har gått utover opningstidene og lengda på sesongen. Det er kome nytt styret, med Lars Inge Sæther som leiar, og det har vore tatt grep for å bedre den økonomiske situasjonen, mellom anna er lønnsutgiftene redusert, noko som vil føre til at opningstidene vert utvida. Mykje av arbeidet på symjehallen vert framleis utført på dugnad.

Sageveka 2010 startar måndag 6. september, og vi oppmodar folk om å kome seg ut å sage. I fjor hadde vi ei prøveveke, så i år håper vi på endå større innsats. Lat sageveka 2010 vise att i Velledalen!!! Nokre har allereie starta, m.a. på Lade og ved vegen til byggjefeltet i Tregardane. Kjempebra!

Kommunen ved administrasjonen har sendt inn uttale til direktoratet om etablering av privatskule i Velledalen. Dette var 6 sider med fokus på berre det negative ved etableringa.

Det er eit paradoks når vi veit at fleirtalet av dei politiske partia i kommunestyret er positive til etablering av private skular.

Tenk om også administrasjonen kunne evne å sjå det positive ved privatskular i Sykkylven.

Fleire nye familiar har kome til dalen i løpet av sommaren, og fleire er på veg. Dalen i sentrum ynskjer alle velkomne, og håper at dei finn seg til rette i dalen.

Joker Velledalen har omlag same omsetninga første halvår som det dei hadde på same tid i fjor, men resultatet er bedre. Dette viser at butikdamene gjer ein god jobb. Det var butikken som betalte for den varme skulematen i vår, og styret har bestemt at butikken skal vere med vidare. Takk til alle som handlar der, og vi tek gjerne imot nye kundar.

Ladestasjonen for El-biler ved Velledalen Naturbarnehage vert klar til bruk denne veka. Etter det vi forstår er det fyrste ladestasjon for El-bil i Sykkylven. Det skal settast opp skilt som viser kvar ladestasjonen er, og den vert rapportert inn slik at den kan registrerast på mellom anna GPS-karta.

Brødrene Aursnes har fått opsjon på to tomter i Tregardane for bygging av boligar. Rådmannen var positiv i si tilråding i saka, og han skriv at kommunen ynskjer meir busetnad i krinsane. DiS ynskjer Aursnes lukke til med satsinga i Velledalen!

Aktivitetar framover:

1.september 18.30: Damekamp FK Sykkylven – Spjelkavik, Dalemyra

2.september 18.30: Herrekamp FK Sykkylven- Blindheim, Dalemyra

September Natursti til Brunstadsætra, V.I.L

11.september Tour de Sykkylven

28.september Sogekveld

2.oktober Svingfoten

9.oktober Roar Brekke " Kroppsøving", dans etterpå, Lag på Lag

26.oktober Sogekveld

6.november, Dugnadsfest

Meld nytt til Dis og velledalen.net

Utgivar Velledalen i Balanse AS

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.